

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Måndag 24.08.2015
Tid: Kl. 11:00
Stad: Norsk Kvernsteinsenter, Hyllestad

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Olve Grotle, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum og Steinar Evebø.
Hanne Oftedal hadde meldt forfall, vara Anders Ryssdal kunne ikkje møte.
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.
Referent: Anne-Marie Førde

SAKLISTE:

19/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste
20/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 09.06.2015
21/2015: Orienteringar
22/2015: Godkjenning av utlysingstekst - Direktør for Musea i Sogn og Fjordane
23/2015: Ymse

SAK 19/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Arild Hartmann Eriksen ynskte informasjon om tilsettingsprosessen av ny avdelingsdirektør ved Sogn og Fjordane kunstmuseum under sak 21/2015.

Vedtaket:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 20/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 09.06.2015.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøtet 09.06.2015 vert godkjent

Vedtak:

Protokoll frå styremøtet 09.06.2015 vert godkjent

Samrøystes

SAK 21/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

/. Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 30.06.2015.

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

/. Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 31.07.2015

- **Besøktal 2015**

/. Vedlegg: Besøktala pr. 31.07.2015

- **Norsk Reiselivsmuseum – Status**

Etter avklaringsmøte med Statsbygg 12.06.2015, om restarbeid for tiltak ved evt. vassinntrenging i museumslokala, har MiSF og Statsbygg /Statsbygg Vest, forhandla om dato for start av husleigetrekk frå MiSF. Denne datoen ville også legge føring for innflyttingsdato.

Siste innspel frå Statsbygg, datert 10.07., var samanfallande med ferieavvikling for administrasjonssjef og direktør og kunne difor ikkje realitetshandsamast før i veke 32. Administrasjonen i MiSF har avslutta forhandlingane og NRM er i gong med innflytting i dei nye museumslokala.

- **Kommunetilskot**

Framdrift av prosess og status

- **Fellesmagasinet MiSF**

Informasjon om status.

Forhandlingane om kjøp av lokala til tidl. Ramstad Eskefabrikk, vart avslutta i juli utan at partane kom til semje om kjøpe-/salssum.

- **Måløyraidsenteret**

Kort orientering frå møte med Kulturdepartementet 08.07.2015

/. Vedlegg: Brev av 08.07.2015 frå Kulturdepartementet

- **Heimdalstrand i Balestrand / Ikkje off. – Offl. § 14, interne dokument**

Orientering frå møte 02.07.2015 mellom SF fylkeskommune v/fylkeskonservator og MiSF

/. Vedlegg: Brev frå fylkeskonservatoren vert omdelt i møte

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

/. Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane vert ettersendt

- **Arbeidet med marknadsføring av MiSF våren 2015**

Orientering

/. Vedlegg: Notat frå marknadskonsulenten

- **Tilsettingsprosess avdelingsdirektør SFKM**

Direktør orienterte om status i tilsettingsprosessen. Så langt har det vore ein ryddig prosess og godt samarbeid mellom oppdragsgjevar (MiSF) og Headvisor. Kunstnarorganisasjonane er blitt skriftleg orientert om status i prosessen i e-post av 11.08.2015 frå direktør. Det hadde meldt seg 8 søkjarar innan fristen 14. august. Headvisor har utarbeidd utvida søkjarliste (ikkje off.) og off. søkjarliste som er sendt til media. Dato for intervju vert fastsett 25.08.2015. Innstillingsutvalet er samansett av direktør, administrasjonssjef og ein representant frå kvar fagforeining.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

SAK 22/2015 GODKJENNING AV UTLYSINGSTEKST - DIREKTØR FOR MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Saksutgreiing:

Åremålsperiode for direktør i Musea i Sogn og Fjordane er fram til medio september 2015. Etter avtale vil direktør stå i stillinga t.o.m. 30.04.2016.

Ved tilsetjing av direktør, er innstillingsutvalet samansett slik:

- Styreleiar
- Administrasjonssjef
- Ein tillitsvald frå kvar fagforeining

Framlagt utkast til utlysingstekst er sendt til ein tillitsvald frå kvar fagforeining for uttale, og styreleiar den 09.07.2015.

Utkast til tekst er utarbeidd ut frå tidlegare utlysing, og tilsvarande utlysingar ved andre museumseiningar i Norge.

Headvisor, avd. Bergen, har fått oppdraget med sjølve tilsettingsprosessen.

/. ***Vedlegg:*** *Utlysingstekst*

Framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt utkast til utlysingstekst for direktør i Musea i Sogn og Fjordane.

Styreleiar fremma følgjande forslag til vedtak.

a) Open del.

1. Stillinga skal lysast ut på åremål, 6 år med høve til forlenging i 6 år.
2. Det må presiserast at fellesadministrasjonen i henhold til styrevedtak blir lagt til Førde når løysing for utbygging i Movika er realisert. Sandane er kontorstad i mellomtida.

Etter drøftingar gjorde styret følgjande vedtak:

Vedtak:

a) **Open del.**

1. **Stillinga skal lysast ut på åremål, 6 år med høve til forlenging i 6 år.**
2. **Det må presiserast at fellesadministrasjonen i henhold til styrevedtak blir lagt til Førde**

når løysing for utbygging i Movika er realisert. Sandane er kontorstad i mellomtida.
Samrøystes

b) Lukka del (**Ikkje off. Offl. § 13 - personalsak**)

SAK 23/2015: YMSE

Det var ikkje meldt sak under Ymse.

Harry Mowatt
Styreleiar

Anne-Marie Førde
Direktør

Laura Kvamme

Olve Grotle

Arild Hartman Eriksen

Ingrid Norum

Steinar Evebø